

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.12.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Johansen, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 2:

I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 3:

I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 5:

Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.

Forslag til innstilling, inkludert tillegg i pkt. 2, 3 og 5, vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet hadde og eit sams ønskje om at Deloitte AS får 15 minutt til å presentera denne forvaltningsrevisjonsrapporten for fylkestinget, i tingsete 6.-7.3.18.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.
4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.